

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 14.09.2016

**Kjell Håland (A)** sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag (a):

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjer følgjande endring i fylkesrådmannen sitt oppsett: Messen Kunst og Kulturhus Ålvik blir redusert med kr 200.000 slik at tildelinga blir kr 200.000. Nordsjøfartmuseet i Telavåg får ei tildeling på kr 200.000.

Grunngjeving: Vi ser det som svært viktig at Nordsjøfartmuseet, med så viktig formidlingsrolle innan krigs- og okkupasjonsfeltet, får ferdigstilt fasilitetane sine for å imøtekomme behova til alle besøkande.»

**Kjell Håland (A)** sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag (b):

«Nytt punkt 2:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling beklagar at spelemidlane til kulturbygg er meir enn halvert dei to siste åra,- frå 128 mill. kr til 63 mill. kr på landsplan. For Hordaland er tilskota redusert med kr 4.865.324,- på to år.

Tilskota til kulturbygg gjennom desentralisert ordning har over tid vist seg å vere av svært stor betydning, og den drastiske reduksjonen i løyvinga til dette formålet dei to siste åra vil difor ha svært negativ konsekvens for det lokale og regionale kulturlivet i heile landet.

Ein ytterlegare reduksjon vil setje heile ordninga i fare. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil oppmode myndigheitene å auke tilskotet til dette føremålet.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Håland sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag (b) vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

### Vedtak

1.	KOMMUNE	SØKJAR	KOSTNADSSUM	SØKNADSSUM	TILDELING
	Bergen	Griegghallen		kr 3 319 079	kr 3 319 079
	Askøy	Nye Herdla Museum	kr 13 515 000	kr 2 300 000	kr 1 000 000
	Bergen	Kode 1	kr 8 000 000	kr 500 000	kr 500 000
	Bergen	Flaggfabrikken Centralize Bergen	kr 3 264 000	kr 1 400 000	kr 1 000 000
	Bergen	Wrap	kr 4 163 000	kr 1 134 000	kr 500 000
	Fjell	Bakscenen	kr 205 000	kr 205 000	kr -
	Kvam	Messen Kunst og Kulturhus Ålvik	kr 1 500 000	kr 400 000	kr 200 000
	Kvam	Hardanger Fartøyvernsenter	kr 64 590 000	kr 11 000 000	kr -
	Odda	Sentralbadet litteraturhus Odda	kr 6 150 000	kr 2 050 000	kr 900 000
	Odda	Tysso I kraftstasjon	kr 1 781 000	kr 844 000	kr 500 000
	Sund	Nordsjøfartmuseet i Telavåg	kr 1 371 000	kr 600 000	kr 200 000
			<b>kr 104 539 000</b>	<b>kr 23 752 079</b>	<b>kr 8 119 079</b>

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling beklagar at spelemidlane til kulturbygg er meir enn halvert dei to siste åra,- frå 128 mill. kr til 63 mill. kr på landsplan. For Hordaland er tilskota redusert med kr 4.865.324,- på to år.

Tilskota til kulturbygg gjennom desentralisert ordning har over tid vist seg å vere av svært stor betydning, og den drastiske reduksjonen i løyvinga til dette formålet dei to siste åra vil difor ha svært negativ konsekvens for det lokale og regionale kulturlivet i heile landet.

Ein ytterlegare reduksjon vil setje heile ordninga i fare. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil oppmode myndigheitene å auke tilskotet til dette føremålet.